

# Rock Hagedesign

Det er kanskje fleire som har lurt på kven som står bak rubrikkannonsane til Rock Hagedesign i Lærdal? Helg & kvardag har svaret, og me har teke oss ein prat med mannen bak, Benjamin Rock.

## Kva er Rock Hagedesign og kven er Benjamin Rock?

Rock Hagedesign er eit anleggsgartnerfirma som vert eigd og drive av gartner Benjamin Rock. Firmaet blei etablert i 2006 i Vennesla på Sørlandet. I dag er bedrifta flytta til Ljøsne i Lærdal.

Eg, Benjamin Rock, er utdanna gartner frå statens gartner- og planteskule i Tyskland. Her i Noreg har eg jobba hjå forskjellige hagesenter og anleggsgartnerar. Fleire års erfaring innan bransjen skapar bakgrunn for god hjelp og funksjonelle, trivelege løysingar for kundane våre.

## Kven er kundane til Rock Hagedesign?

Kundane våre er privatpersoner, bedrifter og hotell, hytteeigarar, burettslag, samt barnehagar og institusjonar.

## Er det berre Lærdal du satsar på?

Lærdal er primærmarknaden min, men eg satsar også på Aurland og Årdal. Også



*Benjamin Rock på oppdrag i Lindstrøm-hagen. Her i samtale med Britt Isdali.*



Sogndal og Luster kan være aktuelt på sikt, fordi det ikkje er nokon der som tilbyr denne typen oppdrag i stort omfang. Eg har også hatt jobbar og oppdrag både i Leikanger og Balestrand.

## Kvifor trur du at det er ein marknad for denne gartneratenester, og kva konkrete tenester kan du tilby?

Hageinteressa har vore aukande de seinaste åra og firmaet har hatt ei svært positiv utvikling. Tenestene våre omfattar eit breitt spekter frå planlegging og design, konsultasjon og rådgjeving, kurs, planting og vedlikehald av hage- og parkanlegg, uteareal og grøntanlegg. Eg kjem også til å tilby stell av graver på kyrkjegardane i Lærdal. I tillegg utfører me steinarbeid innan naturstein, belegningsstein, brustein, kantstein og skifer. Til større oppdrag hentar me inn anbod frå eksterne utførarar.

**Gartnerarbeid er vel typisk sesongarbeid. Kva skal du gjere om vinteren?**

Hovudsesongen er om sommaren. Utfordringa blir å finne arbeid på vinteren. Då vil eg prøve å få til planleggingsarbeid og design av hageanlegg. Dette vil gjerne medføre oppdrag og jobbar i sesongen etter. Eg kjem også til å tilby vintervedlikehald: Brøyting og strøing for private, bedrifter og kommune.

## Heilt til slutt: Kvifor skal me velje akkurat Rock Hagedesign når me skal ha utført arbeid?

Rock Hagedesign har som mål å vere ei kvalitetsbevisst bedrift, med høg grad av service overfor kundane våre. Vårt føremål er å kunne formidle det beste innanfor kundane våre sine ynskjer!

*Helg og kvardag ynskjer Rock Hagedesign lukke til vidare – og oppmodar alle om å støtte opp om dette initiativet!*

*Halrald Blaaflat Mundal  
Foto: Ma*